



Møtebok

Sak nr 24/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om tilskot til Stølsfestivalen

Reislivslaget på Vaset søker om kr 10.000 i støtte til stølsfestivalen:

Stølsfestivalen 2009 skal vera 8.-9.august. Festivalen skal i år gjerast til ein festival med fokus på stølsliv. Stubbbesetstolen skal m.a. ha aktivitetar som ysting, kinning, brødbaking.... Det skal vera dyr og eit yrande "stølsliv". Røn Bygdekvinnelag og stølsprosjektet VNK skal delta.

Det skal også vera stølsmoro på kvelden. Det vil bli mange aktivitetar for ungar. Salsbodene skal vera håndverk og lokale matvarer.

Arbeidsgruppa for stølsfestivalen 2009, tillet seg å søke Vestre Slidre Fjellstyre om eit tilskudd, stort kr. 10.000 til dekning av leige av bord, krakkar, gapahukar (gapahukar til sjølve festivalen og ikkje til utstillarar) og utstyr.

Alle bidragsytere vil kunne få med eigen logo under "Stølsfestivalen 2009 takker sine sponsorer":

Fjellstyret behandla ein liknande søknad i 2008 gjorde i sak 40/2008 slikt vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 5.000 til stølsfestivalen.

Vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 5.000 til stølsfestivalen.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsfestivalen